



MØTEBOK

Planstrategi 2016-2019: Høyringsdokument

Utval sak	Utval	Møtedato
50/18	Formannskapet	13.06.2018

Vedlegg

- 1 Utkast til Planstrategi 2016-2019
- 2 Oversikt over planar og prioritering

Bakgrunn:

Planstrategi er eit krav til kommunane etter plan- og bygningslova § 10-1. Føremålet med ein samla planstrategi for heile Fitjar kommune er at kommunen får ein oversikt over planbehovet dei neste fire åra. Gjennom prioritering av planarbeidet vil det vere mogleg å vurdere kva planar som skal startast opp og utarbeidast kvart år, slik at det kan setjast av midlar og ressursar til planarbeidet i budsjettet.

Ein planstrategi for kommunen bør omfatta alle deler av kommunen sine aktivitetar der det vert kravd planar. Dette fordi det er kommunen sitt totale apparat som skal utarbeida og fylgja opp planar, og planar på eit område kan få fylgjer på andre arbeidsområde og for andre etatar. Samstundes må strategien på kvart enkelt område vera enkel, utan noko større analysar eller drøftingar. Dette for at framdrifta skal verta realistisk.

Avgrensing av arbeidet med planstrategi

Planstrategien er ikkje tenkt å omfatta kommunen sine personalpolitiske planar, driftstekniske eller datatekniske planar, økonomiplanar eller planar som går på kommunen sin organisasjon. Ein tek ikkje sikte på noko større utarbeiding av analyser av behovsgrunnlag, då det i seg sjølv er eit omfattande arbeid, og lett kan bli eit ressursmessig (kapasitet) hinder for å utarbeida sjølve planane. Strategien blir dermed ei prioriteringsliste med definert framdrift. Men og eit dokument med oversikt over eksisterande planar, utgåtte planar, og behov for nye planar.

Organisering av arbeidet:

Planstrategi er i utgangspunktet eit krav etter Plan- og bygningslova, der mynde er lagt til Utval for plan og miljø. Slikt tverrfagleg planarbeid som vedtatt omfattar eit større myndeområde enn Utval for plan og miljø dekker, slik at det blir naudsynleg med vedtak i organ som omfattar heile kommunen, om at me skal fylgja denne strategien. Formannskapet er eit slikt organ, og det er lagt til grunn for saka.

Formannskapet vedtok den 22.01.16 å nedsette ei politisk prosjektgruppe for å leggje ein planstrategi for perioden 2016-2019. Det vart vedteke at Wenche Tislevoll, Dagfinn Brekke, Torstein Grimen og Grete Marit Veka Maraas skal delta i gruppa, og at utvala skulle ha ei aktiv rolle i arbeidet.

For å få eit breitt grunnlag for utarbeiding av planstrategien bad arbeidsgruppa formannskapet, utval for plan og miljø, og utval for oppvekst og omsorg om tilbagemelding på ei rekke tema relevante for planstrategien. Det vart også bedt om å

opplyse om status på tidlegare vedtekne planar, samt forslag til prioritering av planarbeidet. Formannskapet og dei to utvala handsama sakene ila våren 2018, og arbeidsgruppa har deretter gjennomgått desse. Arbeidsgruppa har så spissa prioriteringane noko, samt utarbeidd eit utkast til planstrategi.

Då det er lite att av planperioden er prioriteringslista over planar stram – berre dei planane som er vurdert som særleg viktige har vorte prioritert i denne perioden. Planstrategien byggjer på same lest tidlegare, med størst fokus på eksisterande og tidlegare planlagde planar.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner skisse til høyringsdokument.

Utkast til planstrategi vert lagt til offentleg høyring i perioden 14.06.18-14.08.18.

Vedtaket skjer med heimel i Plan- og bygningslova § 10-1.

Behandling i Formannskapet - 13.06.2018:

Ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte om saka.
Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.